

HARAM KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Mandag 19.11.2018 kl. 12.00 på Haram rådhus, Brattvåg.**

**SAKLISTE:**

- Sak 16/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 24.09.2018.
- « 17/18 - Budsjettkontroll 2. tertial 2018 Haram kommune.
- « 18/18 - Rutinar på garantiansvar på byggeprosjekt. Orientering ved rådmann Turid Hanken.
- « 19/18 - Oppdatert orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.
- « 20/18 - Møteplan 2019.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 / 926 11735 til dagleg leiar eller til e-post [bjorn.tommerdal@skiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@skiks.no)

Sigrid Eidsvik  
leiar  
(sign.)

## **Sak 16/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 24.09.2018**

### **Kontrollutvalet i Haram kommune**

#### **MØTEBOK**

Møtedato: 24.09.2018, kl. 12.00 – 15.00

Møtestad: Eidet omsorgssenter, Trolldalssletta 12, Vatne

Møtet vart leia av Sigrid Eidsvik.

Elles til stades: Eivind Davik, Åge Vikestrand og Grete Berbu  
Hadde ikkje meldt forfall: John Alvestad

#### **= 4 voterande**

Møtet startet med ei grundig orientering og synfaring på omsorgssenteret.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte revisor Anne Nygård.

Frå administrasjonen møtte einingsleiar Beate Eiken, Kjell Sindre Johansen og Per Martin Leinan frå eigedom og teknisk drift. Administrasjonen var kun med på orienteringa og synfaringa.

Det kom ikkje fram merknader til innkallinga og sakslista blei godkjent.

---

## **Sak 12/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 28.05.2018**

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 28. mai 2018 blir godkjent.

---

## **Sak 13/18 - Budsjettforslag 2019 for Haram kontrollutval.**

Innstilling datert 17. september 2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 45.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeidning i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

## **14/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.**

Saksdokument datert 17. september 2018 frå kontrollutvalsekretariatet

Saka vart lagt fram utan innstilling frå sekretariatet.

**Leiar Sigrid Eidsvik fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

---

## **Sak 15/18 - Rekneskapsrevisjon Haram kommune 2017 – oppfølging av enkeltema.**

**Innstilling datert 17. september 2018 frå kontrollutvalsekretariatet.**

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.

**Leiar Sigrid Eidsvik fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag til nytt punkt 2:**

Kontrollutvalet ber rådmann kome attende på neste møte og gjere greie for enkelttemaer i rapporten.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.
  2. Kontrollutvalet ber rådmann kome attende på neste møte og gjere greie for enkelttemaer i rapporten.
- 

## **Eventuelt:**

Eivind Davik bad om at rådmann på neste møte gir ei orientering kring rutinar på garantiansvar på byggjeprosjekt.

Neste møte blei avtalt til mandag 12. eller mandag 19. november.

Sigrid Eidsvik  
leiar  
(sign)

Eivind Davik  
nestleiar  
(sign)

Grete Berbu  
medlem  
(sign)

Åge Vikestrand  
medlem  
(sign)

## **SAK 17/18 TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2018**

*Som vedlegg følgjer:*

1. *Finansrapport Haram kommune 1. januar – 31. august 2018*
2. *Tertialrapport 2. tertial 2018*
3. *Haram kommune, rapport 31.8.2018, ODIN*

### **Tertialrapport 2. tertial 2018**

Av budsjettforskriftene § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyre om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet.

Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også moglige tiltak innanfor budsjettrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Det er ønskjeleg med meir informasjon frå rådmannen i møtet og det blir ikkje lagt fram tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 18/18 - Rutinar på garantiansvar på byggeprosjekt. Orientering ved rådmann.**

Bakgrunn:

Entreprisekontraktar gjeld ofte store verdiar. Ved kontraktsbrot kan dei økonomiske følgjene bli store, og av denne grunnen er det behov for garantiar som balanserer risikoen til partane i prosjektet. Både etter Norsk Standards kontraktar for utførelsesentreiser (NS 8405) og totalentreprisar (NS 8407) pliktar både byggherre og entreprenør å stille garantiar som tryggleik for kontraktspliktene sine.

Mange aktørar oppfattar garantiane som ein formalitet etter avtaleinngåing, utan å reflektere nærmare over kva innhald og kva verknader avgjerdene i garantidokumentet har. Desse medføra ofte at det vil vere for seint å fremje innvendingar mot garantien når det blir aktuelt å gjere den gjeldande, og at den tryggleik ein trudde garantien representerte i realiteten er meir av illusorisk karakter.

Det kan vere interesant for Haram kontrollutval å få ei nærmare orientering av rådmann rundt følgjande spørsmål:

- Korleis er fullmakter organiserte mellom byggjekomite og administrasjon kva gjeld attestasjon/anvisning.
- Er det stilt krav om entreprenørgarantiar?
- Korleis er prosedyrane for overtaking, medrekna krav om etterarbeid?

For kontrollutvalet sine vurderingar og eventuelt vidare arbeid er det nødvendig å motta ei nærmare orientering frå rådmann. Saka vert etter dette laga fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 19/18 - Oppdatert orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.**

*Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3, daterte 12. oktober 2018.*

Sjå vedlagte brev frå Kommunerevisjon 3 ved dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka leggast fram som ei orientering og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjent er det ei av kontrollutvalets viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommuneloven §78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørge for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

### **Innstilling til vedtak:**

Haram kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande og forventar å bli heldt orientert om prosessen vidare.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar

## Haram kontrollutval

Vår sakshandsamar:  
Kurt Løvoll

Vår dato:  
12.11.2018  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

### Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS

Vi viser til vårt brev datert 10.09.18 der vi m.a. signaliserte at vi ville kome attende med ytterlegare informasjon om forhandlingar om mogleg fusjon/danning av nytt selskap etterkvar som det låg føre.

Det vart fatta om lag likelydande vedtak i representantskap i Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS om å gå i forhandlingar, medan Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS takka nei til å vere med i forhandlingar.

Det vart avhalde avsluttande forhandlingsmøte mellom forhandlingsutvala i dei 2 selskapa 7. november. Frå vårt selskap deltok ordførarane i Skodje, Giske og Sula i tillegg til styreleiar, konstituert dagleg leiar og tilsettrepresentant. Frå MRRevisjon deltok ordførarane i Molde og Kristiansund, varaordføraren i MRFylke i tillegg til styreleiar, dagleg leiar og tilsettrepresentant.

Hovudpunkt i det forslaget ein vart einige om å leggje fram til vidare handsaming var:

- Danning av samvirkeføretaket «Møre og Romsdal Revisjon SA»
  - Samvirkemodellen blir foreslått då den er vurdert til å i størst grad ivareta dei behov både eigarar og selskap vil for styring og drift av nytt selskap. Eit samvirkeføretak er ein medlemsmodell der det berre er innskotskapitalen kommunen heftar for. I eit IKS derimot heftar eigarane til saman for selskapet sine totale forpliktingar i høve sin eigardel, og eit IKS kan difor ikkje gå konkurs.
- 3 like store (tal på tilsette) kontor i byane Ålesund, Molde og Kristiansund. Mao skal kontorstrukturen slik den er no, vidareførast.
  - Sikrar at kommunane har kompetanse og bemanning i nærleiken. Det skal vere både forvaltningsrevisorar og reknesaksrevisorar på alle kontora. Kapasitet på forvaltningsrevisjon vil bli auka.
- Hovudkontor i Kristiansund

**Postadresse:**  
Postboks 7734, Spjelkavik  
6022 Ålesund

**Besøksadresse:**  
Lerstadvegen 545, 4 etg.  
**Epost:**  
komrev3@komrev3.no

**Telefon:**  
70 17 21 50  
**Foretaksregisteret:**  
NO 971 562 587

- MRRev har allereie sitt hovudkontor i Kristiansund, og det er vurdert slik at det fungerer godt slik det er.
- Fakturering etter medgått tid
  - MRRev går over på dette i 2019, og det blir foreslått at dette skal gjelde for det nye føretaket frå dag 1, altså 01.01.2020 ved opprettinga av selskapet. Det inneberer kvartalsvise avrekningar ut frå kva som faktisk er utført for den enkelte kommune/kunde.
- Innskotskapital for våre eigarkommunar blir dekt av akkumulert overskot i Komrev3 – det blir mao ikkje ekstra utgifter for våre kommunar til danning av føretaket. Likevel vil kommunane sannsynlegvis måtte forskottere eigenkapitalinnskot i det nye selskapet, før dei mottar tilbakebetalinga frå Komrev.
- Eigarkommunane er i utgangspunktet ansvarlege for pensjonsforpliktingane i Komrev3 IKS. Det blir foreslått at forpliktingane som gjeld tidlegare tilsette i selskapet blir overført til kommunane ved danning at nytt føretak. Dette vart gjort då Møre og Romsdal Revisjon IKS vart danna, og denne løysinga gjer at det blir lik fordeling av forpliktingar mellom distrikta i eit nytt selskap.

Dersom dette forslaget blir vedteke inneber det ikkje endring i revisjonsordning. Men det vil innebere at det blir oppretta eit nytt føretak, og dermed ny revisor. Det er kontrollutvala som gir innstilling på val av revisor, også i kommunar som er i ferd med å slå seg saman.

Kommunerevisjonen har forsøkt å halde kontrollutvalssekretariat og kontrollutval kontinuerleg orientert om prosessen også for å få innspel underveis, og vil kome med utfyllande informasjon i neste møte i Haram kontrollutval.

Med helsing

Kurt Løvoll  
konst. dagleg leiar

## **Sak 20/18 - Møteplan 2019**

Bakgrunn:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at utvalet kan utføre og følgje opp dei oppgåver som er naudsynte for å sikre forsvarleg kontroll og tilsyn.

Ein bør unngå at det går så lang tid frå eit møte til det neste at sakene som kjem opp mistar sin aktualitet. Sjølv om mindre kommunar handsamar færre saker enn større kommunar, er det likevel faste oppgåver gjennom året og valperioden som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet i Haram kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2019:

---

---

---

---

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat